

## **Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 28.04.2021**

**Kjell Håland (A) og June Indrevik (H)** stilte spørsmål om dei var inhabil fordi Håland er nestleiar i Verdsarvrådet for Bryggen og Indrevik er medlem av Verdsarvrådet for Bryggen. Håland og Indrevik gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabil. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok samrøystes at Håland og Indrevik ikkje var inhabil. Håland og Indrevik tiltredde saksbehandlinga.

**Gunn Åmdal Mongstad (Sp)** sette på vegner av Sp, A, MDG, SV og V fram slikt forslag:

«Tillegg - nytt punkt 4

Fylkesutvalet viser til Stortingsmelding nr 35 og den nasjonale ambisjonen om å etablere verdsarvsenter ved alle dei norske verdsarvområda. Det bør ut frå dette vere rimeleg at staten også bidreg med delfinansiering av investeringskostnader for å få realisert sentra.»

### **Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.  
Mongstad sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling**

1. Fylkesutvalet tek orienteringa om autoriserte verdsarvsenter i Vestland fylke til vitande.
2. Fylkesutvalet er positiv til etablering av autoriserte verdsarvsenter ved dei tre verdsarvstadane, då dette bidreg til å nå måla i *Utviklingsplan for Vestland 2020-2024*, i *Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027* og i *Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025*.
3. Fylkesutvalet ber om å bli halde orientert om den vidare utviklinga av arbeidet med verdsarvsentre ved Urnes stavkyrkje, Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden, og Bryggen i Bergen.
4. Fylkesutvalet viser til Stortingsmelding nr 35 og den nasjonale ambisjonen om å etablere verdsarvsenter ved alle dei norske verdsarvområda. Det bør ut frå dette vere rimeleg at staten også bidreg med delfinansiering av investeringskostnader for å få realisert sentra